



Generell utdanningsplan for spesialisering i
allmenntmedisin Tysnes kommune

Innhold

Hensikt og målsetjing	2
Innleiing	2
Organisering av legetenesta og spesialistutdanning i Tysnes kommune.....	2
LIS3	3
Rettleiing og supervisjon	3
Grupperettleiing	3
Individuell rettleiing.....	3
Supervisjon	4
Rettleiarutvikling	4
Roller	4
Kommunal leiar	4
Ansvaret til kommunen	5
Vilkår for rettleiing.....	5
Læringsarenaer og læringsmål	5
Kurs Kurs/prosjekt Læringsmål.....	6
Individuell utdanningsplan	6
Digital løysing (kompetanseportalen) for LIS i kommunen	7
Kontaktpersonar	7

Hensikt og målsetjing

Planen dekkjer spesialistutdanninga i allmenntmedisin for legar (ALIS) i Tysnes kommune og gjeld for ALIS, spesialistar i allmenntmedisin og anna personell som er involvert i utdanninga.

Utdanningsplanen skal sikra at forholda blir lagde til rette slik at ALIS får oppfylt læringsmåla innanfor normert utdanningstid på minimum 5 år.

Innleiing

Dei allmenntmedisinske fagområda i primærhelsetenesta har ei sentral rolle i det norske helsevesenet. Fastlegane varetek opp mot 90% av pasientane sjølv for berre ein liten del av dei totale kostnadene til helsevesenet. Det er ei stor breidd i pasientkategori og tilstandar fastlegar greier ut og behandlar.

Kommunen er avhengig av høg kvalitet i denne tenesta for å sikra innbyggjarane eit kvalitativt godt tilbod. I tillegg til å arbeida i fastlegeordninga kan du finna fastlegar i stillingar på helsestasjon, sjukeheim og KAD.

Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for legar og tannlegar (Spesialistforskriften) vart vedteke i 2016 og tredde i kraft 1.mars 2017 for utdanningas første del (LIS1) og 1.mars 2019 for utdanningas tredje del (LIS3). Andre delen av utdanninga (LIS2) gjeld berre for spesialisthelsetenesta. I samband med krav i forskrifta, har kommunen registrert seg som utdanningsinstitusjon hos Helsedirektoratet. Organiseringa av utdanningsinstitusjonen av utdanninga i allmenntmedisin blir beskriven i dette dokumentet. Som utdanningsinstitusjon skal kommunen leggja til rette for at spesialistutdanninga skjer innan fagleg forsvarlege rammer og på ein måte som sikrar tilstrekkeleg kvalitet og gjennomstrøyming i utdanningsløpet.

Kommunens skal mellom anna:

- Leggja til rette for heilskaplege utdanningsløp
- Leggja til rette for læringsaktivitetar slik at legane i spesialisering kan oppnå læringsmåla
- Dokumentere korleis arbeidet med spesialistutdanninga er organisert og korleis ansvaret er plassert i verksemda
- Utarbeide ein plan for spesialistutdanninga. Planen skal mellom anna innehalda opplysningar om
 - Kva læringsarenaer som kan tilbyast dei ulike læringsmåla
 - Korleis rettleiinga og vurderinga blir organisert og blir gjennomført
 - Korleis det blir lagt til rette for supervisjon. Tysnes kommune har fleire læringsarenaer i allmenntmedisin og gode føresetnader for å tilby heilskaplege utdanningsløp i allmenntmedisin som tilsett i kommunale stillingar.

Organisering av legetenesta og spesialistutdanning i Tysnes kommune

Tysnes kommune har 2883 innbyggjarar pr. 01.01.2023. I kommunen er det 3 fastlegar. Det er totalt 1 sjukeheim i kommunen med 30 bebuarar kor 10 er skjerma plassar for demente/åtferd og intermitterande langtids- og korttidsplassar på dei andre 19, og dessutan 1 KAD plass.

Tysnes Omsorgssenter har adresse Uggdalsdalen 8, 5685 Uggdal. Tysnes helsesenter har adresse Uggdalsvegen 301, 5685 Uggdal.

Tysnes helsesenter inneheld legevakt, fastlegeteneste og ein har LIS 1 lege. Kommuneoverlege er også knytt til helsesenteret. Den samla legetenesta i kommunen blir drifta frå Tysnes helsesenter og alle legane er kommunalt tilsette.

Legevakt er felles legevakt for Tysnes og Kvinnherad kommune nord for Haradangerfjorden. Vaksinasjon og smittevernkontoret er knytt til det lokale legekantoret. Blodprøvetaking blir drifta av helsesenteret og prøver blir analyserte hos Helse Bergen.

Fysioterapeut og ergoterapi for vaksne/eldre og barn er lokalisert i nabokantoret på rådhuset, i tilknytning til lokala til legekantoret.

Samordna tjenester er knytt til helseavdelinga i kommunen.

LIS3

Som LIS3 i allmenntedisin jobbar ein i ein fastlegeheimel, kombinert med stilling ved kommunal legevakt og andre kommunale legeoppgåver (tilsett ved sjukeheim eller helsestasjon). Legen må forplikta seg til å ta spesialistutdanning i allmenntedisin, og kommunen forpliktar seg til å leggja forholda til rette for spesialistutdanning i samsvar med spesialistreglane. Alle læringsmål kan oppnåast i kommunen med nødvendige kurs, individuell rettleiing og rettleiingsgruppe, med unntak av læringsmål ALM 55 og ALM 85 (Desse kan oppnåast ved teneste i regi/samarbeid med helse vest).

For spesialistutdanning i allmenntedisin blir det stilt krav om at minst to år (full tid) av utdanninga må gjennomførast i open uselektert allmenntedisin, det betyr ein praksis som er open for alle pasientar, utan noka tidlegare siling eller utveljing av pasientar eller sjukdommar eller lidingar. Anna allmenntedisinsk utdanning kan skje i framleis fastlegepraksis, sjukeheim, KAD, legevakt mm.

Obligatorisk kurs i akuttmedisin bør takast tidleg i LIS3-løpet. Dette kurset må gjentakast kvart 5. år. Kurset blir arrangert av andre aktørar enn Tysnes kommune, og finst i kurskatalogen på legeforeininga sine sider .

Kurs i vald i nære relasjonar (nettkurs) er obligatorisk for sjølvstendig legevakt og bør også takast tidleg i LIS3-løpet. Spesielt om læringsmål ALM-055 og ALM-085: Læringsmål ALM-055 og ALM-085 kan ikkje oppnåast i kommunen. Det er også mogleg å oppnå dei to læringsmåla i spesialisthelsetenesta.

Helse vest har inngått avtale med m.a. Tysnes kommune om 6 månaders sjukehusteneste for LIS3. LIS3 må avtala tidspunkt for når 6 månader teneste i spesialisthelsetenesta skal skje.

Rettleiing og supervisjon

Rettleiing og supervisjon er sentrale omgrep i oppfølginga av utdanningskandidatar. Det går føre seg kontinuerleg læring gjennom dagleg praksis. Attestasjon på gjennomført læringsaktivitet skal som hovudregel ikkje berre vera ei stadfesting på at aktiviteten er gjennomført, men også ei stadfesting på at den relevante kompetansen er oppnådd. Kommunen skal, som utdanningsverksemd, sørge for at legen får løpande vurdering av om læringsmåla er oppnådde og at oppnådde læringsmål blir så snart godkjent som mogleg.

Grupperettleiing

Deltaking i grupperettleiing skal gå føre seg over 2 år med ca. 60 timar per år. Påmelding via nettsidene i legeforeininga.

Individuell rettleiing

I individuell rettleiing inngår refleksjon, råd, oppfølging av fagleg progresjon under spesialiseringa og vurdering av kompetansen til lege i spesialisering. Rettleiinga inneber planlagde og regelmessige samtalar mellom lege i spesialisering og rettleiar. Rettleiinga skal vera strukturert og dekkja alle læringsmål. For å sikra eit minimumsromfang på rettleiingane skal rettleiinga i gjennomsnitt vera på minst fire timar per månad i 10,5 av månadene i år. At dette er sett som eit gjennomsnittskrav,

medfører at timetalet kan variere noko frå månad til månad ut frå kva som er mest formålstenleg. Samtidig må rettleiing til saman vera på minst 42 timar i løpet av eit år. Kommunane blir gitt tilskot til rettleiing for inntil 57,75 timar per år i fem år (<https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/veiledning-i-spesialistutdanning-i-allmenmedisinlis3#regelverk-hvem-kan-fa-tilskudd>). Rettleiinga skal tilbydast så lenge utdanninga går føre seg.

Tysnes kommune inngår avtale med spesialist i allmenmedisin om å rettleia LIS3-legar. Kopi av avtalen blir arkivert av ansvarleg leiar.

Supervisjon

Supervisjon blir her forstått som å hjelpe og gi råd til legar i spesialisering i konkrete arbeidssituasjonar i den daglege verksemda. Det er avgjerande for god spesialistutdanning at kvar enkelt lege i spesialisering har tilgang til supervisjon. Forma til supervisjonen må vera tilpassa læringsmål og læringsaktivitetar. For nokre læringsmål må den som gir supervisjon, vera til stades saman med legen som er i spesialisering. For andre læringsmål vil det vera tilstrekkeleg at den som gir supervisjon er tilgjengeleg på telefon eller digitale medium. Ved vurdering av om læringsmål er oppnådd skal leiar innhenta tilrådingar frå minst ein av dei som har delteke i supervisjonen. Godkjenning av teneste Det er mange læringsmål som skal godkjennast i løpet av tenestetida. For at rettleiar og leiar skal ha føresetnader for å vurdere om tenesta er tilfredsstillande utført er det derfor viktig at LIS3 allereie ved oppstart planlegg korleis læringsmåla skal nåast gjennom tenesta. Delar av læringsmåla tek det tid å nå, andre kan nåast tidlegare i forløpet. Leiar skal følgja LIS3 progresjon og godkjenna læringsmål etter å ha innhenta vurdering frå rettleiar og minst ein av dei som har delteke i supervisjon.

Rettleiarutvikling

For at rettleiarar skal kunna utføra oppgåvene sine i ny spesialistutdanning vil det vera viktig med opplæringstiltak. Mange rettleiarar vil ha rettleiingskompetanse, men få vil kjenna til nye læringsmål og ha tilstrekkeleg vurderingskompetanse. Det er den registrerte eller godkjende ansvar for verksemda å skaffa individuelle rettleiarar og sørgja for tilstrekkeleg kompetanse. Det finst fleire utviklingsopplegg som kan nyttast eller tilpassast. Det er leiars ansvar å tilby.

Roller

Beskrivinga av funksjonane til rettleier, supervisor og leiar er å forstå som rolleskildringar og ikkje personar. Dette betyr at rollene i prinsippet kan utøvast av same person. For å sikra tilstrekkeleg nøytral vurdering av LIS3 er det likevel viktig at minst to personar er inne i vurderinga av oppnådde læringsmål. Både rettleiing og supervisjon har som felles siktemål å støtta opp under læringa på spesialistkandidaten. I spesialistutdanninga har rettleiar og supervisor dessutan ei rolle i å vurdere kompetansen til LIS3.

Kommunal leiar

Leiar skal utnemna individuell rettleiar for LIS-legen og invitera til oppstartsmøte mellom LIS-lege, rettleier og leiar kvar rettleiingsavtale blir gjennomgått. Leiar sørgjer for at det blir ein individuell utdanningsplan utarbeidd i samråd med legen, at planen blir revidert ved behov, og at rettleiar blir halden orientert om utdanningsplanen. Leiar skal følgja LIS progresjon og godkjenna læringsmål. Dette blir gjort etter å ha innhenta vurdering frå rettleiar og minst ein av dei som har delteke i supervisjon. Anbefalt hyppigheit 3 gonger per år. Leiar utskriv stadfesting på gjennomført praktisk teneste.

Ansaret til kommunen

Overfor den enkelte LIS skal utdanningsverksemda leggja til rette for at legen skal kunna oppnå læringsmåla og gjennomføra eit utdanningsløp for spesialiteten allmenmedisin.

Verksemda skal mellom anna:

- Sørge for at det blir ein individuell utdanningsplan utarbeidd med utdanningsløp i samråd med legane, og at planane blir reviderte ved behov
- Leggja til rette for at utdanninga kan skje etter den individuelle planen
- Leggja til rette for at legen får nødvendig rettleiing og supervisjon
- Oppnemne ein individuell rettleiar

Utdanningsverksemda skal sørge for at legen får løpande vurdering av om læringsmåla er oppnådde og at oppnådde læringsmål blir så snart dokumenterte som mogleg. I vurderinga skal det innhentast tilrådingar frå rettleiaren og minst ein av dei som har delteke i supervisjonen. Kommunen har ansvar for at det blir inngått avtale om rettleiing mellom rettleiar, LIS og ansvarleg leiar i kommunen. Slike avtalar blir arkiverte hos leiar.

Vilkår for rettleiing

Rettleier for LIS3 lønnast med fast lønn 4t/mnd. etter satsane til kommunane, og evt praksiskompensasjon blir berekna ut frå storleiken på stillinga i samsvar med SFS 2305.

Læringsarenaer og læringsmål

Med læringsarena siktar ein til ein fysisk stad der LIS kan oppnå læringsmål. Dei fleste læringsmåla kan nåast i open kurativ praksis. Kommunen har også andre læringsarenaer godt tilrettelagt for å nå læringsmål i spesialistutdanninga.

Kliniske læringsmål som skal oppnåast finst i Temahefte ALLMENNEMEDISIN og Temahefte FELLES KOMPETANSEMÅL (FKM) for ASA-spesialitetane. Begge er å finna på Helsedirektoratets nettsider. Felles kompetansemål vil i hovudsak bli oppfylt gjennom kurs, grupperettleiingar og prosjektoppgåve. I tillegg vil dei bli ramma på dei aktuelle utdanningsstadene.

Det er 112 læringsmål for spesialistutdanninga i allmenmedisin. Desse er delt inn i kliniske læringsmål (ALM 001-088) og Felles kompetansemål (FKM LM 04,13,19,20,21,22,23,32,33,34,41,42,43,46,47,51,55,59,60,70,71,72,73,74).

Læringsarena Allmenmedisinske (kliniske) læringsmål

Felles kompetansemål Legekontor – klinisk tjeneste 1, 9, 15, 16, 23, 25, 26, 27, 28, 29, 31, 34, 35,36, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 52, 53, 54, 56, 57, 58, 59, 60, 61, 62, 63, 64, 66, 67, 68, 69, 70, 72, 73, 74, 75, 76, 77, 78, 79, 80, 81, 82, 84, 88

Gruppeveiledning 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 13, 14, 15, 17, 18, 19, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30, 31, 33, 37, 38, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 51, 56, 57, 58, 60, 71, 72, 73, 74, 75, 76, 77, 78, 79, 81, 88
Gjensidig praksisbesøk 1, 2, 3, 4, 16, 28, 46, 58, 88

Legevakt 40, 58, 66, 67, 68, 69, 70 7

Helsestasjon 11, 31, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 53, 60, 79, 80, 81

Omsorgssenter/sykehjem 3, 4, 10, 11, 28, 29, 31, 34, 35, 36, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 52, 53, 54, 57, 58, 60, 61, 62, 63, 64, 71, 72, 73, 74, 75, 76, 77, 80, 84, 23, 33

KAD 28, 29, 31, 34, 36, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 52, 53, 54, 57, 58, 60, 61, 63, 64, 71, 72, 73, 74, 75, 76, 77, 78, 82, 84 23, 33

Annet 3, 4, 10, 11, 35, 52, 53, 71, 72, 73, 74, 75, 77, 82, 84, 88

Arbeid ved godkjent utdanningsverksemda/Helse Vest 55, 82, 84, 85

Alle kliniske læringsmål kan oppnåast i kommunen med unntak av Alm- 055 og 085. Korleis desse skal oppnåast må spesifiserast i den individuelle utdanningsplanen i forkant av tenesta på 6 månader. ALM-055 og ALM-085 kan oppnåast ved klinisk teneste i sjukehus.

Fleire av læringsmåla krev fleire ulike læringsaktivitetar for godkjenning i tillegg til den kliniske tenesta, eks. gjennomført kurs, grupperettleiing, andre kommunale oppgåver, deltaking i legevakt. Felles kompetansemål vil i hovudsak bli oppfylt gjennom kurs, grupperettleiingar og prosjektoppgåve i tillegg vil dei bli ramma på dei aktuelle utdanningsstadene.

Kurs Kurs/prosjekt Læringsmål

Grunnkurs (A) Allmennlegen og fastlegekontoret ALM: 1, 8, 9, 16, 17, 20, 22, 33, 36, 41, 42, 44, 45, 46, 48, 49, 50, 58, 59 8

Grunnkurs (B) Allmennlegens roller og samarbeidspartnere ALM: 1, 3, 4, 7, 13, 14, 17, 19, 51, 86, 87, 88

Grunnkurs (C) Allmennlegen og helsefremmede arbeid ALM: 3, 4, 5, 6, 7, 10, 11, 18 ,24 ,32 ,59

Grunnkurs (D)

Allmennlegen som forsker og kunnskapshåndterer ALM: 20, 21, 41, 59, 77, 83

Emnekurs ALM: 19, 60, 61, 62, 63, 64, 71, 72, 73, 74, 76, 77, 78, 79, 80

Kurs i akuttmedisin ALM: 40, 65, 66, 67, 68, 69, 70,

Administrasjon og ledelse-kurs FKM: 4, 42, 46, 47, 59, 60, 70, 71, 72, 76, 74

Veilederkurs FKM: 20

E-læringskurs FKM: 4, 41, 51

Sakkyndighetsarbeid FKM: 47

HMS kurs FKM: 74

Prosjektoppgave FKM: 4, 13, 32, 34, 42, 43, 46

Forbedringsprosjekt på arbeidsplass FKM: 42, 43

Individuell utdanningsplan

Det skal utarbeidast ein individuell utdanningsplan for kvar enkelt lege. Planen skal vera heilskapleg og angi når og på kva læringsarena dei enkelte læringsmåla skal gjennomførast. Mal for individuell utdanningsplan finst på Helsedirektoratets nettsider. Ansvarleg leiar i kommunen har ansvar for at det blir utarbeidd individuell utdanningsplan for LIS3 i kommunen. Dette skal gjerast i samråd med legen, og det er naturleg av legen også involverer rettleiar i dette. Det skal haldast regelmessige møte mellom rettleiar og LIS med gjennomgang av individuell utdanningsplan og progresjon i utdanningsforløpet med vurdering og godkjenning av læringsmål. Kommunal leiar skal regelmessig

sørgja for godkjenning av planen etter å ha forhøyr seg med rettleiar og minst ein supervisor.
Anbefalt hyppigheit er tre gonger pr år.

Digital løysing (kompetanseportalen) for LIS i kommunen

Det er utvikla ein kompetanseportal for registrering av oppnådde læringsmål i spesialisthelsetenesta og i kommunane. LIS3 har ansvar for å invitera inn leiar, rettleier og supervisor i løysing. Leiar, rettleier og supervisor bli invitert inn i kompetanseportalen via e-post frå LIS3.

- Leiar ansvar i portalen 9 - Godkjenna læringsmål - Følgja opp Lis' progresjon og måloppnåing (har tilgang på rapportar)
- Rettleiar ansvar i portalen: - Førebu rettleiingssamtalar - Sørgja for referat frå rettleiingssamtalar - Følgje med på og kommentera læringsmål og læringsaktivitetar
- Supervisors ansvar i portalen: - Signera på fullført supervisjon av læringsaktivitetar - Ev. kommentera på læringsaktivitetar

Kontaktpersonar

Hovudansvarleg: Kommuneoverlege Anita Midtun, tlf 53 43 70 80 anita.midtun@tysnes.kommune.no

Øvrige kontaktpersonar: Kommunalsjef Helse Kristine Trane, 53 43 70 00,
kristine.trane@tysnes.kommune.no